



### Til elevar og føresette som skal vere med på samtale under Statsforvaltaren sitt felles nasjonale tilsyn om elevane sitt skulemiljø 04. oktober 2022 ved Øyra skule

Hausten 2022 gjennomfører Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tilsyn ved Øyra skule i Volda kommune. Temaet for tilsynet er kommunen og skulen sitt arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø.

Statsforvaltaren er ein statleg organisasjon. Vi har som ei av våre oppgåver å kontrollere at skular følgjer lova. Slik kontroll kallar vi tilsyn.

#### **Samtale med føresette**

Vi har fått opplyst at de er føresette til ein elev som ikkje har hatt eit trygt og godt skulemiljø. Vi ønsker derfor å snakke med dykk og eleven om dykkar erfaringar med kva skulen gjer for å oppfylle rettane til at alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø. Det som blir sagt til oss i samtalanene, vil ikkje bli brukt slik at nokon kan kjenne att kven som har sagt det. Namnet dykkar eller eleven sitt namn blir heller ikkje oppgitt nokon stad. Det er frivillig å snakke med oss.

#### **Kva skal Statsforvaltaren kontrollere i felles nasjonalt tilsyn?**

I felles nasjonalt tilsyn fører vi tilsyn med det same temaet på skular i heile landet. I dette tilsynet vil vi kontrollere om kommunen og skulen oppfyller plikta til å undersøke og setje inn tiltak i saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

#### **Korleis gjennomfører vi tilsynet?**

I tilsyn vil vi be kommunen om å sende oss enkelte dokument som vi nyttar når vi skal kontrollere og vurdere skulen og kommunen. Dette kan til dømes vere aktivitetsplanar og annan dokumentasjon i samband med arbeidet med skulemiljøet.

Vi skal også snakke med andre elevar og føresette, lærarar, assistentar, miljøterapeutar, skuleleiinga og kommuneleiinga. Vi vurderer den skriftlege informasjonen saman med informasjonen frå alle samtalanene. Deretter skriv vi ein rapport, der det står om vi meiner at skulen og kommunen følgjer lova eller ikkje. Nokre gonger følgjer dei ikkje alle reglane i lova. Vi vil då fortelje kommunen at dei må rette opp feila slik at både skulen og kommunen følgjer reglane. Rapporten vert lagt ut på våre nettsider når han er endeleg.

Har de spørsmål om tilsynet eller samtalen, kan de kontakte Jorunn Øen Nesje, enten på telefon 71 25 85 65, eller e-post [jorunn.nesje@statsforvalteren.no](mailto:jorunn.nesje@statsforvalteren.no)

Med vennleg helsing

Jorunn Øen Nesje - rådgivar og tilsynsleiar